

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad	Kommentar frå forslagsstillar
1.	<p>Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)</p> <p>e-post av 3.9.2015</p>	<p>NVE konstaterer at planområdet grensar til Kjeggjarvatnet i Nordaust og rår til at det vert sett av eit grønt belte mot vatnet utan inngrep.</p> <p>Det er registrert eit aksemdområde for jord- og flaumskred i utlaupet av vatnet og langs elvelaupet, jf. aktsemdkart på NVE Atlas. Dette må vere eit tema i ROS-analysen, og det må gjerast ei konkret vurdering av om skredfaren er reell.</p> <p>Reguleringsplanen bør leggje opp til ein arealbruk som tek i vare tjernet i nordvest. Dersom inngrep i tjernet ikkje er til å unngå må det gjerast greie for om det er knytt ålmenne interesser til tjernet, og korleis inngrepet påverkar desse. Det bør også gjerast greie for eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar for ålmenne interesser.</p>	<p>Tatt til etterretning</p>
2.	<p>Statens vegvesen (SVV)</p> <p>Brev av 5.8.2015</p>	<p>SVV har vurdert framlegget til planprogram spesielt retta mot konsekvensar ei utviding av eksisterande anlegg vil kunne få i samband med auka trafikk til området og eventuelle tiltak som må gjennomførast for å sikre trafikksikre løysingar m.a. i krysset med fylkesveg 57</p> <p>SVV vurderer at planområdet bør utvidast slik at privat veg knytt til fylkesveg 57 vert innlemma. Vegen har låg standard med ei køyrebane utan tilbod til mjuke trafikantar. Då fylkesveg 57 er ein del av hovudvegssystemet til industriområdet Mongstad og tettstaden Lindås sentrum bør planen sikre ei oppgradering av den private vegen i kryssområdet, i samsvar med krava i handbok N100 Veg- og gateutforming.</p>	<p>Anlegget vil generere liten vekst i trafikken langs eksisterande veg. Brorparten av trafikk som vil verte generert gjennom eit nytt anlegg, vil ta stad frå sjø, med båt.</p> <p>Ei utviding av anlegget vil gje nokre nye arbeidsplassar, men dette vil ikkje gje nemneverdig auke i ÅDT.</p>

3.	Fylkesmannen i Hordaland (FM) e-post av 4.9.2015	<p>FM viser til at Lurefjorden har store verdier innan landskap, friluftsliv og strandsone og ser det som særst viktig at reguleringsplanen i størst mogleg grad tek omsyn til desse verdiane.</p> <p>FM minner om at alle planar etter plan- og bygningslova skal inkludere ei vurdering av folkehelseperspektivet.</p> <p>Konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet. Dette må komme tydeleg fram i planarbeidet.</p> <p>FM minner om at det er krav om å utarbeide ROS-analyse. FM viser vidare til at TEK10 definerer akseptabel risiko for m.a. flaum og skred og at akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. FM legg til grunn at desse akseptkriteria bør vere minst like strenge som for flaum og skred og minner om at alle risikotilhøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegna.</p>	<p>Teke til etterretning</p> <p>Teke til etterretning</p> <p>Teke til etterretning</p> <p>Teke til etterretning</p>
4.	Hordaland fylkeskommune (HF) e-post av 27.8.2015	<p>HF vurderer planprogrammet ut frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsettingar i regionale planar og legg særskilt vekt på akvakultur, areal- og transport, arkitektur og estetikk, friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminne, samferdsle, næringsutvikling, universell utforming og vassforvaltning i dette planarbeidet.</p> <p>Det er viktig at planlegginga tek omsyn til</p>	<p>Teke til etterretning. Planprogrammet krev konsekvensutgreiing av desse tema; Naturmangfald og miljø, landbruk, landskap, kulturlandskap og kulturminne, strandsone og akvakultur, transport og trafikk, nærmiljø og friluftsliv og universell utforming. I tillegg vil det verte utarbeidd ROS-analyse i samsvar med Lindås kommune sine akseptkriteria</p> <p>Teke til etterretning. Planprogrammet krev</p>

		<p>landskapsverknadane av tiltaket og at nye tiltak innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. HF oppmodar at landskap, friluftsliv og strandsone vært særskilde utgreiingstema i den vidare prosessen.</p> <p>HF minner om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. HF ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalt, at verneverdiar vert vurdert og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.</p> <p>HF informerer om at det vart gjennomført ei kulturhistorisk synfaring av det aktuelle området den 14.8.2015. Det vart ikkje gjort funn og HF vurderer at potensialet for nye funn er vurdert til å vere lågt. Det er ikkje naudsynt å gjere ytterlegare undersøkingar.</p> <p>HF har kjennskap til at den Trondhjemske postveg går gjennom planområdet. Det er òg restar etter ei mølle/vassverk i området ned mot strandsona. HF ber om at det vert tatt omsyn til desse kulturminna i den vidare planprosessen.</p> <p>HF informerer om at fråsegn frå Bergen Sjøfartsmuseum, ved feil, ikkje vart inkludert i HF sitt brev av 27.8.2015. HF viser til at Sjøfartsmuseet ikkje kjenner til marine eller maritime kulturminne i det aktuelle området og difor ikkje har merknader til det planlagde arealinngrepet. Sjøfartsmuseet gjer likevel merksam på at tiltakshavar er pliktig til å gje museet melding dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.</p>	<p>konsekvensutgreiing av landskap</p> <p>Teke til etterretning. Planprogrammet krev konsekvensutgreiing av kulturlandskap og kulturminne.</p> <p>Teke til etterretning</p> <p>Teke til etterretning</p> <p>Teke til etterretning</p>
--	--	---	---

e-post av 31.8.2015

5.	<p>Bergen og omland havnevesen (BOH)</p> <p>E-post av 12.8.2015</p>	<p>BOH kan ikkje sjå at plankartet viser konkrete tiltak i sjø og kan difor ikkje sjå at planen kjem i konflikt med dei interesser BOH er satt til å verne.</p> <p>BOH minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påverke tryggleiken eller ferdsla i sjøområdet krev løyve frå BOH, jf. hfl. § 27, første ledd.</p>	<p>Teke til etterretning</p> <p>Teke til etterretning</p>
6.	<p>BKK</p> <p>Brev av 13.8.2015</p>	<p>Innanfor plangrensa har BKK Nett AS ei 22 kV høgspenningsline, høgspenningskabel og nettstasjon. Disse høgspenningsanlegga inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi og er naudsynte komponentar i den lokale strømforsyninga.</p> <p>Dersom planen føresett at omlegging av høgspenningsanlegga, må det settast av plass til nye trasear for desse. Det er som hovudregel den som ynskjer endringar som må ta kostnaden med dette.</p>	<p>Teke til etterretning. Det er ikkje planer om å gjere endringar i høgspenningsanlegga.</p>
7.	<p>Arthur Nesfossen (AN) for eigedomene; 56/20 Åse J. Nesfossen 56/53 Anny Berentsen 56/46 Solveig Lervåg 56/95 Arthur Nesfossen</p> <p>e-post av 3.9.2015</p>	<p>AN informerer om at eigedomene på Nesfossen har hatt båtfeste ved sjøen på Nesfossen sidan 1800-tallet. Plasseringa av båtfesta har vert flytta frå Møllehammaren til ei kai rett sør for hovudkaien og så tilbake til Møllehammaren. Det er vesentleg for AN at det vert lagt til rette for tilkomst til sjø og båtfeste for eigedomene på Nesfossen. Tilkomsten per i dag er særst dårleg og det er dårleg med plass.</p> <p>AN ber om tilbakemelding om korleis forslagsstillar ser føre seg å løyse problematikken rundt båtfesteretten og tilkomst til sjø i det aktuelle området.</p>	

8.	Grunneigarutvalet for Storavatnet (GS) e-post av 30.8.2015	GS viser til at grunneigarane kring Storavatnet og Lindås kommune ikkje er semd om reguleringsrettar og avtalar om bruk/uttak av vatn frå Storavatnet. Saka skal prøvast for retten og GS ynskjer at alle saker som vil påverka det totale uttaket av vatn i Storavatnet setjast på vent til dom i saka ligg føre. GS ynskjer ikkje at pågåande sakar skal påverke komande rettegong.	Det nye anlegget er berre basert på sjøvatn og vil difor ikkje ha konsekvensar for problemstillinga GS viser til i sin merknad.
----	---	---	---